

**LOKAL ÅRSPLAN OG  
INFORMASJONSKALENDER**

**2022 / 2023**



**[www.velledalen-naturbarnehage.no](http://www.velledalen-naturbarnehage.no)**

**Telefon: 455 17 817**

**Følg oss gjerne på facebook og instagram:  
«Velledalen Naturbarnehage sa»**

**E-post: [styrar@velledalen-naturbarnehage.no](mailto:styrar@velledalen-naturbarnehage.no)**

**Telefon dagleg leiar: 478 13 001**

## INNHOLD:

Om Velledalen Naturbarnehage SA	S.	3
Kontaktinformasjon/opningstid	S.	4
Sykylven ei trafiksikker kommunen	S.	4
Teieplikt og opplysningsplikt	S.	4
Samarbeidspartnarar	S.	4
Barnehagens psykososiale miljø	S.	4
Serviceerklæring Velledalen Naturbarnehage SA	S.	5
Pedagogisk grunnsyn, formål og foreldresamarbeid	S.	6
Barnehagen ein plass for den gode barndom – verdigrunnlag	S.	7
Barns medverknad	S.	9
Pedagogiske verkty	S.	10
Førskulegruppe	S.	11
Plan for overgang barnehage og skule	S.	12
Årsplanen eit styringsdokument	S.	13
Rammeplanen og dei sju fagområda	S.	15
Fokusområde – Solid Start Sykylven	S.	16
Evaluering og vurdering av barnehagen sitt arbeid	S.	17
August – velkommen	S.	18
September – Stopp ikkje mobb – Brannvern	S.	20
Okttober -Hausttakkefest / FN -kafe	S.	22
November – Julepakkeinnsamling/adventsfrukost	S.	24
Desember – Gudsteneste – Julefest – Nissemarsj	S.	26
Januar - Godt Nytt År!	S.	28
Februar	S.	30
Mars – karneval/fastelavn/feitatysdag	S.	32
April – Vårteikn/påske	S.	34
Mai – 17. mai feiring på barnehagen	S.	36
Juni – Sommar og sommaravslutning	S.	38
Juli /August	S.	40
Barnehageruta 2022/2023	S.	42



## **OM VELLEDALEN NATURBARNEHAGE SA**

Velledalen Naturbarnehage SA vart opna 28. oktober 2009. Barnehagen har 47 plassar for barn i alderen 0-5 år.

Velledalen Naturbarnehage SA vart stifta av ulike lag og organisasjonar tilknytta Velledalen. Stiftarane til barnehagen er Velledalen i Balanse AS, L/L Velledalen grendahus, Velledalen IL, Velledalen og Ringen Fotballag (VRF), Velledalen Skulekorps, Velledalen Ungdomslag og Velledalen Helselag.

### **Styret for Velledalen naturbarnehage SA :**

Styreleiar: Lidvar-Andre Nilsen  
(stiftarane)

Nestleiar: Andrea Tenden Erstad  
(foreldra)

Styremedlem: Marianne Strømme  
(tilsette SU)

Styremedlem: Henriette Slettvold  
(foreldra)

Styremedlem: Lars Even Hatlemark  
(stiftarane)

Velledalen Naturbarnehage SA ligg i nær tilknyting til Velledalen Montessoriskule AS, L/L Velledalen grendahus med sal, scene og symjehall og grasbana på Dalemyra stadion. Med flott natur på alle kantar kan vi lett ta turen ned på vårt unike uteområde med kanin og høner, klatretre og klatreapparat, grillhytte, kosebu, sykkelvegar, bålpanner og hageområde.



**Kosestund**

Med dei naturgjevne føresetnadene vi har i nærområdet er det naturleg for barnehagen å ha uteliv som fokusområde. Vårt ønskje er at barna skal få gode opplevingar frå leik i naturen og friluftsaktivitetar, samt kunnskap om korleis vi dyrkar mat og få kontakt med små og store husdyr. Vi ønskjer at barna skal trivast ute i all slags vær, vere kreative, utforskande og nyfikne over kva dei opplever ute i naturen. Det ein er glad i, er det lettare å

ta vare på og nytte på ein berekraftig måte i vaksen alder.

Personalalet er pr. i dag beståande av kvinner i ulike aldrar og med ulik erfaringsbakgrunn. Dei sørger for god stemning, trygge rammer og godt humør. Barnehagen er fleksibel overfor foreldra sine ønskjer og barna sine behov. Vi er opptekne av å ha ein god dialog med dykk foreldre. I Velledalen Naturbarnehage skal både små og store trivast.



**Kuslepp i Karigarden**

Barnehagen er delt i tre grupper:

Regndalen: 1-2 åringane

Geita: 3-4 åringane

Råna: 5 åringane

#### Kontaktinformasjon

Velledalen Naturbarnehage SA: 455 17 817

Regndalen: 452 53 078

Geita: 452 87 068

Råna: 452 79 189

Dagleg leiar: 478 13 001

E-post

[styrar@velledalen-naturbarnehage.no](mailto:styrar@velledalen-naturbarnehage.no)

Heimeside:

[www.velledalen-naturbarnehage.no](http://www.velledalen-naturbarnehage.no)



På besøk hos saudene til Linga

#### Opningstid

Barnehagen er open frå 06.30-16.45. Ut frå behovskartlegging kan opningstida bli korta inn for å betre personaltettleiken.

**Vi anbefaler at barna ikkje har lengre dagar enn maks 9 timer.**

Tida frå **kl. 9.00-14.00** ønskjer vi å disponere til ulike aktivitetar og turar. Har de ikkje høve til å kome til dette tidspunktet eller ønskjer å hente barnet tidlegare, gir de melding til oss. Då kan vi gjere avtale om til dømes levering og henting andre stader dersom vi er på tur, på grennahuset eller liknande.

Barnehagen er open i romjula og påskeveka **dersom minimum 9 barn melder seg på**. Sommaren 2023 tilbyr vi open barnehage i veke 28 og 31 dersom **minimum 9 barn melder seg på**. Alle barn skal ha tre veker samanhengande sommarferie. Tilbodet i veke 31 gjeld ikkje dei barna som skal byrje på skulen i august 2023.

#### SYKKYLVEN – TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Sykylven kommune er trafikksikker kommune. Det inneber at barnehagen har forplikta seg til å arbeide med trafikksikring gjennom barnehageåret. Tema som sikring av barn i bil, bruk av bilbelte mm er tema som vert teke opp gjennom barnehageåret.

#### TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Teieplikta omfattar tilhøve som er av privat karakter om barn, heim, andre tilsette eller tilhøve som angår drifta. Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen vert truð opplysningar om familietilhøva til barna og som kan vere av tyding for barnets opphold, trivsel og utvikling i barnehagen. Jmf. bhgl. §20

Etter barnehagelova (bhgl. §§21-22) har barnehagepersonalet opplysningsplikt til barneverntenesta og sosialtenesta

#### PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

01.08.20 kom ny revidert barnehagelov.

Den reviderte lova har fått eit nytt hovudkapittel som omhandlar barnehagens psykososiale miljø. Lova set nulltoleranse for mobbing og krev aktivitetsplikt frå barnehagen dersom mobbing eller mobbeåtferd skulle oppstå.

#### SAMARBEIDSPARTNARAR

##### Fagteam

Barnehagen samarbeider med barne- og familietenestene (barnevern og PPT) samt helsestasjonen. Vi har faste fagmøte 3 gongar pr. år.

## SERVICEERKLÆRING FOR VELLEDALEN NATURBARNEHA SA

### Foreldra kan forvente at

- Barnet vert teke godt imot av ein vaksen når det kjem til barnehagen.
- Barnehagen har eit godt inneklima og at den er rein og ryddig til ei kvar tid.
- Barnet leikar i trygge omgjevnader både inne og ute, og at det alltid er vaksne tilstades.
- Barnet får kvile og søvn i barnehagen slik det høver best for kvart enkelt barn.
- Barnet er ute, på tur eller på leikeplassane våre i gjennomsnitt minimum 2 timer kvar dag. (Gjeld ikkje ved temperaturar under minus 10 grader celcius)
- Barnet får sunn mat og drikke i barnehagen, og at barnet får god tid til å ete og trivsel rundt matbordet.
- Barnet har medverknad på eigen barnehagekvardag
- Barnet har venner og leiekameratar i barnehagen.
- Barnet møter ein barnehagekultur det er godt å vere i.
- Leik og leikprega aktivitetar står i fokus i barnehagekvardagen

- Barnet møter ulike kunst-og kulturutrykk gjennom barnehagetida.
- Barnet får høve til å fortelle, filosofere, skape, dramatisere, synge , spele og bruke kroppen sin på ulike måtar.
- Dei tilsette er genuint opptekne av kvart enkelt barn og fortel om dette til foreldra.
- Dei tilsette overheld teieplikta og opplysningsplikta (jmf. §§20-22 i lov om barnehagar)
- Barnehagen gjennomfører brukarundersøkingar overfor foreldra anna kvart år.
- Det vert gjennomført ein foreldresamtale om hausten og ein om våren.

### Barnehagen forventar at foreldra/føresette

- Gir viktig informasjon til barnehagen
- Les informasjon frå barnehagen
- Gir beskjed dersom barnet ikkje kjem i barnehagen.
- Seier frå til ein vaksen når barnet vert henta.
- Gir beskjed om andre enn foreldra skal hente barnet

- Overheld avtalt oppholdstid og betaler faktura for barnehageopphold innan fristen.
- Gjer seg kjend med barnehagen sine vedtekter.
- Svarar på brukarundersøkinga
- Gir tilbakemeldingar på korleis ein opplever barnehagetilbodet.

### Kontaktinformasjon

Ønskjer du som føresett å sende ein generell forespørsel om drifta av vår barnehage kan følgjande e-post adresser nyttast:  
[styrar@velledalen-naturbarnehage.no](mailto:styrar@velledalen-naturbarnehage.no)  
[lidvar.nilsen@stressless.com](mailto:lidvar.nilsen@stressless.com)

## PEDAGOGISK GRUNNSYN

Velledalen Naturbarnehage SA ønskjer å skape ein barnehagekvardag med humor og glede, der barna får vere undrande og nyfikne i eit trygt og utfordrande miljø. Miljøet skal vere tilrettelagt for meistring på ulike nivå. Barna skal få vere aktive og utforskande, og vi vil arbeide for å utvikle den sosiale kompetansen hos barna.

Velledalen Naturbarnehage SA skal skape eit inkluderande miljø, der barna får gode venner, kjenner seg trygge og utviklar eit positivt sjølvbilde.

## FORMÅLET TIL BARNEHAGEN

Formålet til barnehagen er å ivareta barna sine behov for leik og omsorg, og å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, i samarbeid og forståing med heimen til barna (bhgl. §1, 1. ledd)

## FORELDRESAMARBEID

Det er i første rekke foreldra sitt ansvar å sikre barna ein trygg oppvekst, og det er i he imen barna har si djupaste kjenslemessig forankring. Barnehagelova bygger på foreldreretten og seier at verksemda skal utformast i « **nær forståing og samarbeid med heimen til barna.**» For barnehagen og dei tilsette er det særsviktig å utvikle ein open og god kommunikasjon med heimen. Det skal vere tid og rom for informasjonsutveksling mellom føresette og personalet.

Uformelt foreldresamarbeid skjer gjennom den daglege kontakta mellom personalet og foreldra. Det formelle samarbeidet skjer gjennom foreldremøter og foreldresamtalar.

### Foreldreråd

§12 i selskapsvedtekten til barnehagen omhandlar foreldrerådet sine oppgåver og samansetting. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldreprgruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

**Foreldrerådet** består av foreldra/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet vel **to** representantar til **samarbeidsutvalet (SU).** Foreldreråd skal haldast minst ein gong i året, og ved avstemming i foreldrerådet vert det

gitt ei stemme for kvart barn og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

### Samarbeidsutvalet (SU)

SU skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordna organ. SU skal handsame saker og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, for verksemda og for foreldra. Saker som gjeld tilsetting, opptak av barn og liknande skal ikkje handsamast av SU jmf §11 i selskapsvedtekten for barnehagen. SU betår av to representantar frå foreldra og to representantar frå dei tilsette. I tillegg kan styreleiar møte og ein representant frå Sykkylven kommune. Dagleg leiar er sekretær for utvalet.

### Årsmøte i barnehagen

Det er årsmøte i barnehagen kvart år i april. Som medlemmar i barnehagen har kvart foreldreprar ei stemme på årsmøtet. Det er viktig at de som foreldre møter i barnehagen sitt øverste organ og er med å påverkar framtida til barnehagen.

## **VELLEDALEN NATURBARNEHAGE – EIN PLASS FOR DEN GODE BARNDOM**

Vi håper å gje barn og vaksne ein spennande, utfordrande og lærerik kvardag i Velledalen Naturbarnehage SA.

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen, og bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik. Barnehagen skal førebu barna til aktiv deltaking i samfunnet og vere med å legge grunnlaget for eit godt liv.



Felles interesser

## **BARNEHAGEN SITT VERDIGRUNNLAG**

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Alle barnehagar skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Norge har sluttat seg til, td FN konvensjonen om rettane til barnet (barnekonvensjonen) og ILO konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.

Å møte møte barnet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrigkeit, anerkjenning, og sikre at barnet får ta del i og medverke i fellesskapet er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremme demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling og berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

## **TRIVSEL – GLEDE – TRYGGLEIK - LEIK - OMSORG -LÆRING – DANNING - FELLESSKAP**

Desse orda er svært dekkande for kva vi står for, kva vi vil formidle og korleis vi vil ha det her i Velledalen Naturbarnehage.

## **Trivsel**

Det er svært viktig for oss at barn og foreldre trivast her i barnehagen. Barna må like å vere her, og foreldre / føresette må trivast med å la barna vere i barnehagen. Det er også viktig at vi som arbeider i barnehagen trivast, då dette vil smitte over på barn og foreldre. Personalsamarbeid og inkluderande arbeidsmiljø vert difor også viktig for å skape trivsel.



Vennskap

## Glede

Glade vaksne gjev glade barn. Å møtast med eit smil om morgonen gjev ofte ein god start på dagen, og godt humør smittar ofte.



## Augekontakt

### Tryggleik:

I Velledalen Naturbarnehage har vi dagsrytme for at dagen skal vere forutsigbar. Ei stabil personalgruppe med faste tilkallingsvikarar er viktig for å skape trygge omgjevnader og gjere barna trygge på dei vaksne.

## Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både inne og ute. Barnehagen skal bidra til at barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik, aleine og saman med andre.



«Solid Start» av og med barn

## Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. Dei skal oppleve å bli sett, forstått og respekterte, og å få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølv som grunnlag for trivsel, glede og meistring.



Ei hand å halde i

## Læring

Læring er ein viktig del av barna sin kvardag. Det er noko nytt å lære kvar einaste dag. I barnehagen vil vi prøve å oppmuntre og å gi næring til barna si naturlege lærelyst. Medverknaden frå barna er viktig. Vi må høre på og fylge opp initiativ frå barna, og utan glede og motivasjon lærer ein ikkje så lett.



Førskulegruppa på besøk på Atlanterhavsparken

## Danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda, og bidra til å legge grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.

## Fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspele. I barnehagen skal alle barna kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og å vere i positivt samspele med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.



Vi slår eit slag for uliksskap

Alle desse begrepa heng saman. For å **trivast** må ein vere **trygg**, for å vere trygg må ein oppleve **fellesskap**, fellesskap skaper **glede** og glede gjev næring til **læring**.

## BARN S MEDVERKNAD

«Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen. Barn skal få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemrd. Barnet sine synspunkt skal tilleggast vekt i samsvar med barnets alder og modning». (barnehagelova §3)

Vi vaksne har ansvar for å vere med barna i undring og gi rom for forskartrong. Ved å la barna medverke i eigne liv vil dei og få oppleve mange magiske augneblink. Barna skal ha høve til å påverke sin eign kvardag og dei skal bli tekne på alvor. Dei skal få erfaring med å bestemme sjølve og saman med andre, og dei skal få innverknad på kvardagen sin.



Barna får aktivt delta i stell og mating av kaninar

Det er viktig at barna opplever tilknyting og fellesskap. Dei kan då bruke medråderetten sin og uttrykke eigne intensjonar.

Barna sine kjensler skal takast på alvor. Personalet skal vere lyttande og tolkande til barna sitt kroppsspråk, observante i høve barna sine handlingar og uttrykk og etter kvart barna sitt verbale språk. Dei er viktig at vi som vaksne organiserer kvar dag slik at det vert gitt tid og rom for barns medverknad.



Fellesskap kring spennande funn

## PEDAGOGISKE VERKTØY

### «Snakkepakken året rundt»:

Barnehagen nyttar språkstimuleringsverktøyet **«Snakkepakken året rundt» i staden for dei tradisjonelle periodeplanane. Vi kjem inn på alle dei ulike fagområda i rammeplanen gjennom ulike aktivitetar kvar månad.**

Gjennom bruken av snakkepakken vil vi styrke språkferdigheter hos barna uansett morsmål. Ved å nyttegjere seg av dette pedagogiske hjelpemiddellet kan dei vaksne skape motivasjon og lystprega bruk av språket. Barna får høve til deltaking på eit tidleg tidspunkt, og dei kan tilegne seg språket på ein morosam, variert og grundig måte.

Målet med bruken av «**snakkepakken året rundt**» er at barna skal forstå kva andre barn og vaksne seier, uttrykke seg sjølve og bruke ulike funksjonar av språket som til dømes å spørje, å fortelje og å informere. I tillegg ønskjer ein at språket skal bli eit godt reiskap for tanken.

Regndalen, Geita og Råna nyttar **«Snakkepakken året rundt»** i ulik grad. Månadens eventyr kan bli arbeidd lenger og kortare med. Råna ønskjer å prioritere bort delar av «**Snakkepakken året rundt**» i periodar der andre tema vert meir vektlagt.

## Visuell dagsplan

Ved bruk av visuell dagsplan på avdelinga vil barna få betre oversikt over eigen kvar dag. Vi nyttar enkle og tydelege bilete som barna lett kan forstå.



Døme på visuell dagsplan

Andre pedagogiske verktøy som vert nytta på barnehagen er:

- Språkleiken BRAVO  
[www.bravoleken.no](http://www.bravoleken.no)
- Mattekassa  
[www.mediaped.no](http://www.mediaped.no)
- Mattemaur  
[www.mattemaur.no](http://www.mattemaur.no)
- InPed
- [www.inped.no](http://www.inped.no)
- Ipad
- «Mitt valg»  
[www.determinittvalg.no](http://www.determinittvalg.no)

## FØRSKULEGRUPPE

I år har vi ei førskulegruppe på 8 barn. Vi legg vekt på skuleførebuande oppgåver som begrepstrening (Nyborgmodellen), konsentrasjon og ikkje minst sosial kompetanse og sjølvregulering. I 2021/2022 prøvde vi ut det forskningsbaserte førskuleopplegget «Lekbasert læring» i tillegg til framleis bruk av Nyborgmodellen. Vi held fram med dette i 2022/2023.

## SYMJEOPPLÆRING FOR FØRSKULEBARNA

Vi har søkt om å få halde fram med vasstilvenning i regi av SIL-symjing også dette barnehageåret.



Frå vanntilvenninga i januar/februar 2022

## Førskuleopplegg ved Velledalen

### Montessoriskule AS

Ein dag i veka i om lag 5 veker frå kl. 09.30-11.00 er førskulebarna saman med kontaktlærar på Gruppe 1 ved skulen. Då vert dei kjende med lærarar og elevar som dei møter att i august. I tillegg vert barna kjende med montessoripedagogikken.

Evalueringa frå barnehagen så langt er god. Både barn, foreldre, og personale ved barnehagen har vore nøgde med dette opplegget.

## Førskuledagar ved andre skular i kommunen

For barn som startar ved andre skular i Sykkylven kommune blir barna med på den einskilde skule sitt førskuleopplegg. Planen for overgang barnehage/skule legg opp til at det skal vere førskuledagar i veke 21-22.

## Overgang barnehage-skule

Sykkylven kommune ved skule- og barnehageeiningerne har ansvar for å skape ein god overgang mellom barnehage og skule i nært samarbeid med dei føresette. Rammeplanen for barnehagar (2017) seiar

følgande: « Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha skriftleg samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om einskildbarn med skulen».



Råna på tur til aktivitetsparken i Hundeidvik

## PLAN OVERGANG BARNEHAGE – SKULE SYKKYLVEN KOMMUNE.

Aktivitet	Tidspunkt	Innhold	Ansvarleg
Foreldremøte barnehage	September-oktober	Gjennomgang av plan overgang barnehage – skule Informasjon om barnehagen sitt pedagogiske opplegg siste året før skulestart Fokus på føresette si rolle og medverknad i overgangen barnehage – skule Presentasjon av Nyborgmodellen Forventningar om sjølhjelpte barn. Trening på turtaking Informasjon om kva som ventar barnet i skulen. Presisering av foreldra si rolle for læringsglede og det sjølvhjelpte barnet	Dagleg leiar/ Ped.leiar  Skulen lærar/rektor/inspektør
Barn med særskilde behov	Seinast 20. september	Gjennomgang av behov og ressursar knytt til skulestarten til barnet. Føresette, barnehage og skule deltek. Har barnet ansvarsgruppe vert møtet lagt dit. Drøftingar kring kva ressursar barnet vil ha behov for ved skulestart. Spesialpedagog, rektor og PPT deltek	Dagleg leiar
Førskulebarn i barnehagane	20. september	Liste over barn i barnehagane til skulane	Dagleg leiar
Foreldresamtale barnehage	Oktober - desember	Er det informasjon som dei føresette ønskjer skal overførast frå barnehage til skule Samtykkeerklæring	Pedagogisk leiar
Innskriving i skule	Februar	Skulen inviterer barnet til innskriving med eige brev. Fokus på barnet og samtale om forventningar til skulen. Barnet får fortelje litt om seg sjølv. Føresette er med på innskriving	Rektor Informasjon vert sendt barnehagane minst 14 dagar før.
Møte om skulestart. Ped.leiarar og lærarar	Om lag veka 17	Informasjonsutveksling i samsvar med samtykkeskjema	Dei daglege leiarane organiserer møta.
Fellesmøte styrarar og rektorer	April – mai og September – oktober Eit utvida rektormøte og eit utvida styrar møte	Forum for samarbeid og erfaringsutveksling	Rektorer og dagleg leiarar
Førskuledagar	Veka 21 -22 off. skule Velledalen Montessoriskule AS 8 veker a 1,5t-3t	Barna får møte klassekontakt, SFO leiar og fadderar. Omvisning på skulen og SFO	Rektor/kontaktlærar/SFO leiar Melding til barnehagane seinast 15. januar.

## ÅRSPLANEN, EIT STYRINGSDOKUMENT

Årsplanen til barnehagen skal fungere som informasjon for foreldre/føresette, eigarane (foreldre/stiftingslag), tilsynsmynde og for andre samarbeidspartnarar. Årsplanen er eit viktig arbeidsredskap for personalet i barnehagen.

Gjennom årsplanen skal de som foreldre/føresette kunne påverke innhaldet i barnehagekvardagen. Vidare skal årsplanen vere med på å styre verksemda i ei målretta retning.

Arbeidet i barnehagen er forankra mellom anna i:

- Lov om barnehagar  
<http://odin.no/kd/>
- søk barnehageloven
- Rammeplanen for barnehagar  
<http://odin.no/kd/>
- søk på rammeplan
- Vedtekten til barnehagen  
<http://velledalen-naturbarnehage.no>
- Serviceerklæring for Velledalen Naturbarnehage SA
- FN's barnekonvensjon
- Forskrift for miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Vi ønskjer å få innspel, forslag, ris og ros frå foreldre/føresette. Med foreldre/føresette

som aktive medspelarar på laget ønskjer vi å gjere barnehagekvardagen ekstra god. Med gode støttespelarar kan vi som barnehage halde fram å vidareutvikle oss på ein god måte.

Når barnet skal ta til på skulen eller sluttar i barnehagen får det med seg ein perm med bilet og teikningar barnet har laga i barnehagetida.



## RAMMEPLANEN OG DEI SJU

### FAGOMRÅDA – KORLEIS ARBEIDER VI MED DESSE I BARNEHAGEN

Barnehagen skal utarbeide en årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette formål og innhald i rammeplanen til pedagogisk praksis. Planen skal også vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, læring og danning.

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnader. Dette gjeld også når barn har behov for ekstra hjelp eller støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som har behov for ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar om tilrettelegging for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at behova til barnet ikkje kan dekkast innanfor eit allmennpedagogisk tilbod, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkunnig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp vert inkludert i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.

Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og dei skal tilpassast til einskildbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Val av arbeidsmåtar gjer det muleg å gjere innhaldet i barnehagen spennande og variert. Arbeidsmåtane vi vel skal skape engasjement, interesse og motivasjon hos barna.

Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal oppleve progresjon i innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve for leik, aktivitet og læring. Barna skal få utfordringar tilpassa sine erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheter.

Fagområda gjenspeglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder. Fagområda skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Fagområda skal sjåast i samanheng og dei skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Verdigrunnlaget og formålet til barnehagen skal gi retning og prege arbeidet med dei ulike fagområda. Barns rett til medverknad skal ivaretakast. Leiken til barna dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med dei ulike fagområda. Barna skal utvikle kunnskap og ferdigheter innanfor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.



Vassing i elva før 1. mai kvalifiserer til ispinne i russehua



Krabbing rundt barnehage er ein av russekutnute til rosarussen.



To gode venner

## Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeidet med språket skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle si språkforståing, språkkompetanse og utvikle eit mangfold av kommunikasjonsformer. Barn skal møte ulike språk og språkformer gjennom rim, regler, sangar, litteratur og tekstar frå samtid og fortid. Leik med språk, symbol og tekst skal stimulere til språkleg nysgjerrigkeit, medvit og utvikling.

## Kunst, kultur og kreativitet

Barn må få høve til å oppleve kunst og kultur, og til sjølv å uttrykke seg estetisk. Ut frå eigne opplevelinger skaper barn sin eigen kultur. Å vere saman om kulturelle opplevelinger skaper kjensle av å høre saman. Fagområdet omhandlar uttrykksformer som bildekunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstneriske og kulturelle uttrykk som gjenspeglar eit mangfoldig samfunn og ulike tidsepokar.

## Kropp, rørsle, mat og helse

Vanar og handlingsmønster tek form frå tidleg alder av. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve bevegelsesglede, matglede, matkultur, mentalt og sosialt velvære og psykisk og fysisk helse. Barna skal introduserast for aktivitetar der dei kan vere i bevegelse, leik og sosial samhandling og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Gjennom medverknad i mat- og måltidssituasjonar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

## Natur, miljø og teknologi

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarta til naturen og barna si vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal legge til rette for eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barna skal få vere nysgjerrige på naturvitenskaplege fenomen, føle tilhøyrighet til naturen og gjere erfaringar med bruk av teknologi og reiskap.

## Nærmiljø og samfunn

Barns medverknad i det indre livet i barnehagen kan vere det første steget for å få innsikt og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal styrke kunnskap om og gi tilknyting til lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett. Barn skal medverke i og utforske og oppdage nærmiljøet sitt.

## Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, samstundes som det og set sitt preg på verdiane og haldningane våre. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer. Kristen tru og tradisjon saman med humanistiske verdiar har gjennom århundre prega norsk og europeisk kultur. Samstundes er Norge i dag eit multikulturelt samfunn.

## Mengde, rom og form

Barn er tidleg opteken av tal og telling. Dei utforskar rom og form og jaktar etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse. Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og å hjelpe barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigkeit og motivasjon for problemløsing. Vi nyttar leikande og undersøkjande arbeid med samlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar.



Vippehuske er enkelt å lage

## FOKUSOMRÅDE OG INNHOLD

I Velledalen Naturbarnehage har vi vald å fokusere ekstra på to fokusområder i rammeplanen. Det er **natur, miljø og teknikk og kropp, rørsle og helse**. I tillegg nyttar barnehagen språkstimuleringsverktøyet «snakkepakken året rundt».

Vi valde nettopp desse tre fokusområda fordi:

- Barnehagen ligg i nærliken til fjell, skog, gardsbruk og idrettsanlegg.
- Interesse for uteliv i personalgruppa.
- Interesse for å arbeide med miljømedvit og å ta vare på naturen.



Tada, her er det fint å bu for store og små kryp.

## SOLID START SYKKYLVEN – GRUNNLEGGANDE MOTORISK TRENING

I august 2016 starta Sykkylven kommune opp med prosjektet «Solid Start Sykkylven». Dette går ut på å gi alle barn i aldersgruppa 3-5 år i barnehagen motorisk trening 30 min tre dagar pr. veka. Gjennom dette prosjektet ønskjer kommunen å nå alle barn. Forskning viser at det er sammenheng mellom motorisk kompetanse og læring. Ein ønskjer å gi alle barn «eit løft» når det gjeld motorisk trening og kompetanse. Gjennom tiltak for alle, tidleg innsats og systemretta arbeid ønskjer ein med dette prosjektet å fremje helse, utvikling og læring.



Solid Start utført i praksis i uteleiken.

Velledalen Naturbarnehage SA starta hausten 2015 med målretta aktivitet i gymsalen for alle barnegruppene på barnehagen. Hausten 2017 implementerte Sykkylven kommune prosjektet «Solid Start» i alle barnehagane i kommunen. Velledalen Naturbarnehage held fram med denne målretta satsinga som vi starta med i 2015. Vi har som mål å gjennomføre målretta motoriske aktivitetar minimum tre dagar gjennom veka. Dette kan vere folkeviseleik, dans, rytmeaktivitetar, hinderløyper, minirøris , skiaktivitetar og vasstilvenning.



Akrobatikk på Regndalen

## PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING.

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon som er prega av planar, refleksjon og vurdering. I dette arbeidet vert blant anna kvalitetskrysset og læringssirkelen nytta. Utviklingsarbeid i barnehagen skal vere ein kollektiv læringsprosess.

Planlegging, dokumentasjon og refleksjon pågår kontinuerleg på pedlearmøter, avdelingsmøter og personalmøter.

## KVALITETSKRYSSET

Kva er bra?	Kvífor?
Kva kan bli betre?	Korleis kan vi bli betre?

## LÆRINGSSIRKELEN



## DELTAKING I PILOTPROSJEKT GJENNOM UDIR, OSLOMET, DMMH OG TELEMARKSFORSKNING.

I februar vart det lyst ut eit tilbod om å vere med i pilotprosjektet vegleiing av barnehageeigar for å styrke kvalitet i barnehagane. Styret gjorde vedtak om at dette ønskte barnehagen å vere med på. Velledalen Naturbarnehage vart ein av 30 barnehageeigarar frå 7 fylke som er plukka ut til å få delta i prosjektet.

Gjennom prosjektet skal ein utvikle kriterie for å kjenne att god kvalitet i barnehagane. I prosjektet deltek private og kommunale barnehageeigarar frå heile landet. Utvalet representerer kjeder av barnehagar, store kommunar, små kommunar store private barnehagar og små enkeltståande private barnehagar. Møre og Romsdal er representert ved GNIST barnehager og Velledalen Naturbarnehage SA. Frå Velledalen Naturbarnehage er det dagleg leiar som representerer eigar. Prosjektet er så vidt starta opp og skal pågå fram til 2023.

## VELKOMMEN

til Velledalen Naturbarnehage SA! «-der folk trivst er alt muleg» og vi håper de vil trivast hos oss! I august nyttar vi tida til å bli kjende med kvarandre, med barnehagen og nærområdet rundt barnehagen. August pleier å vere ein fin turmånad og i skogen byrjar blåbæra å bli modne. På bærbuskene våre kan vi kanskje plukke nokre rips og solbær. Kanskje finn vi nok bær til å lage litt syltety?



## Snakkepakken i august

**Eventyret** i august er fortellinga om «**Den lille skilpaddebabyen**». Eventyret tek føre seg motstridande følelsar som ein kan oppleve i tilvenningsperioden i barnehagen, redsel og tryggleik, å vere sjølvskikker og å vere usikker, å kjenne engstelse og lettelse.

Eventyret handlar om å klare seg på eiga hand og å stole på seg sjølv. Det handlar og om kor viktig det er at vi seier «ha det», at vi seier frå når vi går og at vi kjem attende til avtala tid.

### Språkfokus:

**Hus, rom, møblar, familie, spørjeord, former, ein ei og eit, den og det.**

## DET ER EIN FIN TING Å VINNE VENNER

Det er en fin ting å vinne venner  
Se så lett det går til

Den som sitter ved din side  
Kan du vinne med et smil

Du skal aldri mer alene  
I mørke natta gå

Det er en fin ting å vinne venner  
Du kan gjøre det nå!



# AUGUST 2022

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
31	1	2	3	4	5	6	7
32	8 PLANLEGGINGSDAG	9	10	11	12	13	14
33	15	16	17	18	19	20	21
34	22	23	24 ISAK 1 ÅR INGRID 3 ÅR	25	26	27	28
35	29	30	31				
<b>Motorikk fokus:</b> <b>Grunnleggande rørsler</b> – kinestetisk sans (rørslesansen)							
<b>KRYPE / ÅLE</b>			<b>SLЕНGE</b>	<b>RULLE</b>	<b>HOPPE</b>	<b>GÅ/LØPE</b>	

I veke 36 har barnehagen fokus på VENNSKAP OG MOBBING.



**STOPP IKKE MOBB**  
Dette er kameraten min  
Ikke finn på noe tull,  
vennen min er god som gull  
Nå vil jeg bare si i fra!  
En for alle og alle for en,  
Så nå vil jeg slå fast svart på hvitt  
Her er det mobbefritt!

### Snakkepakken i september

I september arbeider vi med eventyret om «Rødhette og ulven». Rødhette skal besøke bestemor som er sjuk. I korga si har ho med seg saft og ei kake som mamma og ho har baka. Rødhette går gjennom skogen der ho plukkar blomster til bestemor. På vegen møter Rødhette ein slu og utspekulert ulv. Han legg på sprang til huset til bestemor, sluker bestemor og legg seg og ventar på Rødhette. Rødhette blir og slukt av ulven, men heldigvis kjem ein jeger og reddar både bestemor og Rødhette.

#### Språkfokus: Kropp,leiker, årsak og verknad

### Brannvern

I veke 38 skal barnehagen for 9. året på rad vere med på den nasjonale brannvernveka.

Vi håper sjølvsagt at vi skal sleppe å oppleve brann, men vi må vere sikre på at vi kan handtere ein slik situasjon dersom han skulle oppstå. Vi arrangerer brannøving for personalet og barn. Brannøvinga skal vere så realistisk som muleg. Vi tek difor ikkje på sko før vi går ut. Det er difor viktig at barna brukar innesko.

Kva gjer vi dersom det vert brann i barnehagen?

### VARSLE – REDDE - SLOKKE

#### Dagleg leiar/stadfortredar

- Lokaliserer brannen / sjekkar om det verkeleg brenn
- Ringer brannvesenet 110
- Tek i mot melding frå dei evakuerte
- Bistår brannvesenet

#### Personalet

- Ta med oppropsliste m. tlfnr. til føresette
- Får barn ut rømningsvegar
- Sjekkar alle rom for barn/vaksne
- Går med barn til avtalt samlingsplass
- Opptelling av barn og tilbakemelding til dagleg leiar

Har de snakka med barna om kva dei skal gjere heime dersom det oppstår brann? På [www.brannvernuka.no](http://www.brannvernuka.no) finn de råd og tips!



# SEPTEMBER 2022

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
35				1	2	3	4
36	5	6	7	8	9	10	11
37	12	13	14 SOFIE 4 ÅR	15	16 STUDIEDAG	17	18
38	19	20	21	22	23	24 JUNE 1 ÅR HEGE 49 ÅR	25
39	26	27	28	29 LEANDER 2 ÅR NICOLAS 5 ÅR	30		
Motorikk fokus: Grunnleggande rørsler -kinestetisk sans (rørslesansen)							
		KLATRE	GÅ	KASTE	HINKE		

**24. OKTOBER VERT DET FN-KAFE OG HAUSTTAKKEFEST PÅ BARNEHAGEN!**

**Meny:** Klare sjølv suppe med heimbaka rundstykker /flatbrød!



Denne dagen vil vi også selje produkt som barna har laga på barnehagen. Pris avgjer de sjølve.

**Inntekta går til Lola Day Care på Fillipinane v. May Britt Tynes.**



Barnehagen har støtta dette prosjektet i seks år, og det er alltid kjekt når May Britt Tynes kjem på besøk på barnehagen og fortel om barna på Lola Day Care!

**Snakkepakken i oktober**

**Eventyret** i oktober er «**Gullhår og dei tre bjørnane**». Gullhår er ute og leikar og går seg vill i haustskogen. Ho kjem til eit hus, men ingen er heime. Gullhår går inn, ho prøver stolar i ulik storleik, et graut som har ulik temperatur, og ho legg seg i senger av ulik lengde. Til slutt sovnar ho i den kortaste senga. Dei tre bjørnane kjem heim og finn Gullhårsovande i senga til Lille Bjørn.



**Språkfokus:**  
**Klede, fargar, lengde, høgde, substantiv og verb.**

# OKTOBER 2022

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
39						1	2
40	3 MATHEO 4 ÅR	4	5	6	7	8	9
41	10	11	12	13	14	15 OLINE INGER 1 ÅR ARNE 3 ÅR	16
42	17	18	19	20	21 VERONIKA 2 ÅR	22	23
43	24 FN-KAFE OG HAUSTTAKKEFEST	25 TORILD 60 ÅR	26	27 MARIE 5 ÅR	28	29 KRISTOFFER 3 ÅR	30 TOMAS ANDRE 5 ÅR
44	31						
Motorikk fokus: Stabilitet /balanse -taktil sans.							
		TAKTIL SANSING	BALANSE	BERØRING	BALANSE		

## **Snakkepakken i november:**

**«Ole brum – himmelen faller ned»** I denne fortellinga overtyder Tigergutt alle om at himmelen kjem til å ramle ned.



**Språkfokus:**  
**Mat, preposisjonar og rimord.**

**«EMANUEL HJELPENDE HENDER» er eit anna hjelpeprosjekt barnehagen er med og støttar.**

Dei siste fire åra har barn, foreldre og personalet pakka inn ei leike eller eit klesplagg som barn på barneheim i Ukraina kan glede seg over. Denne tradisjonen vil vi halde fram med også i år.

**Vi bed difor om at de til fredag 25. november tek med ein liten pakke som vi kan sende med hjelpesendinga til «Emanuel hjelpende hender» før jul! Pakken skal vere frå vårt eige overskot av klede og leiker.**



## **ADVENTSFRUKOST TORSDAG 24. NOVEMBER**



# NOVEMBER 2022

Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
44			1 SELMA 5 ÅR	2	3	4	5 6
45	7	8 STUDIEDAG	9	10	11	12	13
46	14	15	16	17	18	19	20
47	21	22	23 ADVENTSFrukost	24	25	26	27 1. SØNDAG I ADVENT
48	28	29	30				
Motorikk fokus: Stabilitet /balanse -hørselssans		 TRILLEBÅRE	 PLANKE	 BALANSE	 FLYGAR	 BALANSE	

**DESEMBER ER EIN SÆRS TRIVELEG  
MÅNAD PÅ BARNEHAGEN.**



Dei eldste barna deltek på førjulsgudsteneste for barnehagane i **Syklyven kyrkje**.

**Vi ønskjer velkommen til julefest /luciafest tysdag 13. desember. I desember 2021 arrangerte vi festen ute og nede med kosebua. Vi vurderer å gjøre dette i år og. Avgjerda vert teken saman med FAU som er medarrangør. Det vert luciatog og programminnslag ved barna. Gang rundt juletre og kanskje kjem nissen på besøk.**


**NISSEMARSJ**

Måndag 19. desember kl. 08.30 går den årlege nissemarsjen av stabelen. Vi iviterer elevane og lærarane ved Velledalen Montessoriskule til å delta saman med oss. Etter marsjen samlast vi til gløgg, mandariner og julebakst ved bålpanna og Kosebua.



**Snakkepakken i desember**

I desember fortel vi **eventyret om «Pepperkakemannen»** I eit hus bur ei gamal kone og ein gammal mann. Dei har ingen barn. Dei har pynta til jul og kona baker ein pepperkakemann som vert levande.



**Spåkfokus:**  
**Advent, jul ,vinter, former, rekkefølgje, talord som td. ein og første.**

## DESEMBER 2022

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
48				1 <b>Frist for påmelding 23.12 og romjul.</b>	2	3	4
49	OLIVIA 1 ÅR 5	6	7	8	9	10	11
50	12 <b>JULEFEST</b>	13	14	15	16	17	18
51	19	20	21	22	23	24	25
52	26	BEHOVSPRØVD OPEN BHG 27	BEHOVSPRØVD OPEN BHG 28	BEHOVSPRØVD OPEN BHG 29	BEHOVSPRØVD OPEN BHG 30	31	



**GODT NYTT ÅR! BARNEHAGEN OPNAR 2.  
JANUAR. VELMØTT!**

**Snakkepakken i januar**

Vi fortel eventyret om «**Dei tre bukkane bruse**» i januar. Tre geiter er på veg til seters for å gjere seg feite. Stien frå garden til setra går over ei bru. Under den bruua bur der eit troll.



**Språkfokus:**

Nytt år, dyr, storleikar, rekkjefølgje,  
Vokalane u,y,æ,ø,å




**DET SNØR, DET SNØR**

Det snør, det snør  
Tiddeli bom,  
Det er det det gjør,  
Tiddeli bom,  
Nå snør det mye mer enn før,  
Tiddeli bom og huttemei tu.

Så kaldt det er,  
Tiddeli bom,  
Jeg kjenner det her,  
Tiddeli bom,  
Jeg kjenner det på mine tær,  
Tiddeli bom og huttemei tu.



# JANUAR 2023

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
<b>52</b>							<b>1</b>
<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>
<b>2</b>	<b>9</b> YEVA 5 ÅR	<b>10</b>	<b>11</b>	<b>12</b> LINA 3 ÅR	<b>13</b>	<b>14</b>	<b>15</b> HENNING 1 ÅR
<b>3</b>	<b>16</b>	<b>17</b>	<b>18</b>	<b>19</b>	<b>20</b>	<b>21</b> YEVHENII 5 ÅR	<b>22</b> JENS 5 ÅR
<b>4</b>	<b>23</b>	<b>24</b>	<b>25</b>	<b>26</b>	<b>27</b>	<b>28</b>	<b>29</b>
<b>5</b>	<b>30</b>	<b>31</b>					
<b>Motorikk fokus: Koordinasjon</b>		 <b>BALL</b>	 <b>SKI</b>	 <b>ENGEL</b>	 <b>GÅ PÅ ALLE FIRE</b>		

## **Snakkepakken i februar:**

I februar blir de kjende med Pilemus Silkehår, Haremann Hoppsadans, Revemor Silkesvans, Villsvinet Trynebrett, Ulven Aldrimett og Bamsefar Labbdiger i eventyret om «**Skinnvotten**».



### **Språkfokus:**

**Karneval, fastelavn, skogsdyr, temperatur**

## **Karneval**

Vi feirar karneval **fredag 17. februar. Same dag feirar vi også fastelavn.**



## **FORSYN DEG MED BOLLER**

**Forsyn deg med boller min venn, spis mange min venn!**

**Forsyn deg med boller min venn, spis mange min venn!**

**Men da skal du se at de kommer igjen!**

**Men da skal du se at de kommer igjen!**

**For da vil du bli bolletykk, med bollekinn, ja bollekinn!**

**Melodi: Per Speleemann**

**Tysdag 21. februar er det feitatsdag. Denne dagen serverer vi risengrynsgraut.**



# FEBRUAR 2023

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
5				1	2	3	4
6		6 SAME FOLKETS DAG	7	8	9	10	11
7	13	14	15	16	KARNEVAL	18	19 FASTELAVSSØNDAG
8	20	21 FEITATYSDAG	22	23 JOSEFINE 5 ÅR	24	25	26
9	27 MELANIA 6 ÅR	28					
Motorikk fokus: Koordinasjon							
		BALL	SKI	DANS			

### **Snakkepakken i mars:**

Ei prinsesse går heimanfrå ein marsmorgen. Heile føremiddagen spaserer ho i det deilege og varme solskinnet. Om ettermiddagen vert det kjøligare, og til kvelden skiftarvêret. Det byrjar å tordne og lyne, og så kjem regnet også. Prinsessa blir både våt og kald. Brått ser ho eit lys mellom trea, eit framandt slott dukkar opp. Her bur ein prins saman med mammen og pappaen sin.



**FN's Barnerettighetserklæring (til norsk av André Bjerke)**

**La meg vokse som jeg er  
og prøv å forstå hvorfor**

**jeg vil vokse  
som meg selv**

**Ikke som mamma ønsker jeg skal være eller  
som pappa håper jeg skal være  
eller som læreren min  
synes jeg skal være.  
Kjære prøv å forstå  
og hjelp meg å vokse  
nettopp som meg.**

**Språkfokus:  
Tid, vær, mønster, samansette ord og  
adjektiv**



# MARS 2023


Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
9			1 Frist for å melde inn behov for påske og sommarferie	2	3	4	5
10	6	7	8	9	10	11 RENATE 43 ÅR	12
11	13	14	15 AMALIE 2 ÅR ADINE 2 ÅR	16	17	18	19
12	20	21	22	23 STUDIEDAG	24	25	26
13	27	28	29	30 PÅSKEFRUKOST	31		
Motorikk fokus: Finmotorikk og vestibulær sans							
		SKRIVEDANS	PINNESPEL	RULLE	STÅ PÅ HOVUDET	RINGSPEL	

No kjem våren for fullt. Vi byrjar å så frø og gjere klare såkassene våre ute, og vi er på jakt etter vårteikn.



### Snakkepakken i april

Denne månaden får vi høre om den smarte musa som skremmer reven, ugla og slangen med **fantasivennen Gruffalo**.



**Språkfokus:**  
**Fuglar, likelydingar og verb**



# APRIL 2023

Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
13							1 PALMESØNDAG 2
14	BEHOVSPRØVD OPEN BHG 3	BEHOVSPRØVD OPEN BHG 4	BEHOVSPRØVD OPEN BHG 5	SKJÆRTORSDAG 6	LANGFREDAG 7	PÅSKEAFTAN 8	1. PÅSKEDAG HEINE 6 ÅR 9
15	2. PÅSKEDAG 10	11	12	13	14	15	16
16	17	18	19	20	21	22	23
17	24 MARIANNE 36 ÅR	25	26	27	28	29	30 SIGMUND 4 ÅR
Motorikk fokus: Hoppeaktivitet -finmotorikk							
		HOPPE	HOPPE TAU	HOPPE PARADIS			

## «DEN LILLE LARVA ALDRI METT»

**Det satt en larve på et blad,  
Og larven var så veldig glad!  
For larvens aller beste mat,  
Er blomster, blader og salat.**

**Og larven spiste seg så mett,  
at skinnet sprakk, - ja rett og slett!  
Den kastet skinnet og sa «Pytt,  
Jeg har et til, helt splittertytt!»**

**Den lille larven ble så trett,  
For maten gjorde larven mett.  
Den skrudde på sitt vekkerur,  
Og tok en deilige sovelur.**

**Et hylster var dens sovetøy,  
men plutselig så hørtes støy,  
fra Aldrimetts pysjamasskjul,  
det fløy en vakker sommerfugl!**



## Snakkepakken i mai

I mai får vi høre om Per Olsens bondegard og den vesle raude høna og vennene hennar, ein katt, ei mus og ein gris. På garden feirar dei 17. mai, dei heiser flagget og syng 17. mai songar. Når dyra går i tog, finn høna eit korn. Ho spør vennene sine om hjelp til å plante, vatne, skjære ned, putte kornet i sekken og bære det til møllaren som maler kornet til mjøl. Vennene til høna gidd ikkje hjelpe til, dei vil berre hjelpe høna med å ete brødet!



**Språkfokus:  
17. mai, rett og gale, insekt og blomster**



Oppstilling – klar, ferdig, gå



Vi går i 17. mai tog saman med Velledalen Montessoriskule

# MAI 2023

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
18	1	2	3	4	5	6	7
19	8	9	10	11	12 SIGRID 25 ÅR	13	14
20	15	16	17	LIVE 4 ÅR KRISTI HIMMELFARTSDAG	18 STUDIEDAG	19	20 21
21 Førskule- dagar	22	23	24 TONJE 40 ÅR	25	26	27 RAGNHILD 33 ÅR	28
22 Førskule- dagar	29 1. PINSEDAG	30	31 AMALIE 28 ÅR				
Motorikk fokus: Uteaktivitetar – ball aktivitetar	 KASTE BALL	 GØY MED BALL	 SPARKE BALL	 UT PÅ TUR	 O-LØP		

## **Snakkepakken i juni**

### **«Geitekillingen som kunne telle til ti»**

Ein geitekilling står og speglar seg i ein vasspytt. «Jeg er en» seier den og tel seg sjølv. På vegon møter den mange dyr som ikkje vil bli telt. Kva betyr det å bli telt?

Gjer det vondt? Dyra spring etter geitekillingen ned til vatnet og brygga der båten ligg. Alle dyra spring om bord i båten som legg ut frå brygga. Men båten kan berre ta ti passasjerer. Kor mange er om bord? Vil båten synke, og kan nokon telle? Geitekillingen!



**Samarbeid**



**Diskgolfbana kan brukast til litt av kvart**

#### **Språkfokus:**

**Sommar, ferie, eintal og fleirtal**

# JUNI 2023

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
22 Førskule-dagar				1	2	3	4
23	5	6	7	8	9	10	11
24	12	13	14	15	16	17	18
25	19	20	21	22	23	24	25 TEO 6 ÅR
26	26	27	28	29	30		
Motorikk fokus: Gymleik, minirøris, Uteaktivitetar og ballleik							

# JULI 2023

Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
26						1	2
27		3	4	5	ROLLO 6 ÅR 6	7	8
28	10 BEHOVSPRØVD OPEN BHG	11 BEHOVSPRØVD OPEN BHG	12 BEHOVSPRØVD OPEN BHG	13 BEHOVSPRØVD OPEN BHG	14 BEHOVSPRØVD OPEN BHG	15	16
29		17	18	19 TOMASZ 5 ÅR	20	21	22
30		24	25	26	27	28	29
31		31 BEHOVSPRØVD OPEN BHG					

## AUGUST 2023

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
31		1	2	3	4	5	6
32	7 STUDIEDAG	8	9	10	11	12	13
33	14	15	16	17	18	19	20
34	21	22	23	24	25	26	27
35	28	29	30	31			

## BARNEHAGERUTE 2022/2023

Månad	Dagar å merke seg	Merknadar
August	Måndag 8. august held barnehagane stengt	Felles studiedag
August	Tysdag 9. august er første ordinære barnehagedag etter fellesferien	
September	Fredag 16. september held barnehagen stengt	Interkommunal studiedag REKOMP,i samarbeid med statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Høgskulen i Volda og Sunnmøre regionråd
Oktober	Skulane har haustferie i veke 41, 10.-14. oktober	Barnehagane held ope i haustferien
November	Onsdag 9. november held barnehagane stengt	Felles studiedag
Desember	Fredag 23. desember er siste barnehagedag før jul	Barnehagen har bindande påmelding til dagene 23.12.22 og 27.12.22-30.12.22 med påmeldingsfrist 01.12.22
Januar	Måndag 2. januar er første barnehagedag etter nyttår	
Februar	Skulane har vinterferie veke 8, 20.-24. februar	Barnehagane held ope i vinterferien
Mars	Torsdag 23. mars held barnehagane stengt	Felles studiedag
April	Påskeferie veke 14, 3.-10. april	Barnehagen har bindande påmelding til dagene 03.04.22-05.04.22. Påmeldingsfrist er 01.03.23

Mai	1.mai: Offentleg fridag 17.mai: Grunnlovsdag 18.mai: Kristi himmelfartsdag 19. mai: Studiedag 29.mai: 2.pinsedag	Barnehagane held stengt på dei fire offentlege høgtids- og heilagdagane i mai.  Felles studiedag 19.mai
Juli	Fredag 7. juli er siste ordinære barnehagedag før fellesferien	
Juli	Fredag 14. juli er siste dag for dei som har meldt seg på tilbodet om barnehage første veka i fellesferien	Behovsprøving minimum 9 barn må ha meldt seg på. Påmeldingsfrist er 01.03.23
Fellesferie	10. juli – 6. august er fellesferie i Sykkylven	Veke 28, 29, 30 og 31
August	Måndag 31. juli er første dag for dei som har meldt seg på tilbodet om barnehage siste veka i fellesferien	Behovsprøving minimum 9 barn må ha meldt seg på. Påmeldingsfrist er 01.03.23 Barn som byrjar på skulen i august kan ikke delta denne veka.
August	Måndag 7. august held barnehagane stengt	Felles studiedag
August	Tysdag 8. august er første ordinære barnehagedag etter fellesferien	

Den enkelte barnehage/samarbeidsutval kan gjøre endringar i barnehageruta i samsvar med delegeringsreglane for samarbeidsutval.